




**Årsorientering 2024**  
**Ferkingstad kyrkjelyd**



# Årsorientering frå rådsleiar

## Om soknerådet sitt arbeid i 2024.

For fyrste gong på fleire år kunne me starte eit år der me hadde eit avklart utgangspunkt å forhalde oss til. Den økonomiske situasjonen med nedbetaling av resterande gjeld, heiv oss uti arrangementet Kyrkjebakken sin dag. Ein dag for alle, og dagen blei god. Takk til alle som bidrog og kom innom. Me gler oss til neste Kyrkjebakken sin dag til hausten. Oppmodar alle som ynskjer at Kyrkjebakken skal vere eit bygg der ein kan drive kyrkjelydarbeid, til å bli fast givar til nedbetaling av resterande gjeld. Bygget si framtid har potensiale som ikkje er avklart, men gode folk ser på moglegheiter som finnes. Utleige som lagringsplass til kommunen gjev oss litt tid til å jobbe vidare med framtidsutsikter.



Fellesskap, rom for å skape og rom for å feile. Me treng kvarandre, og me treng Jesus. Difor var det fint å starte 2024 med Alphakurs. Eit fellesskap med nye relasjonar som gav nye dimensjonar. Eit fellesskap som hadde spørsmål, undring, tru og tvil rundt det som er grunnen til at kyrkja eksisterer. Jesus er fokuset i eit Alphakurs, og lager rom for at Han kan bli sett, trudd og etterfulgt. Me håpar at ting legg seg til rette for fleire Alphakurs.

Rom for å skape blei tatt til nye dimensjonar i samband med julekonserten. Der blei kyrkjekaffe etterpå kombinert med ny juleutstilling. Den gav oss ei mektig oppleving av kva som kan vekse fram gjennom talentane me har her.

Ei kyrkje kan ikkje stå for seg sjølv, då skjer det lite. Dei tankane fekk me tenkje då skulen i soknet blei midlertidig flytta og føreslått avvikla. Me treng kvarandre, og framtida til Ferkingstad sokn er avhengig av skulen. Den har blitt kjempa for, og samhald treng me på alle plan i bygda.

"Kampen for tilværelsen" har ein fått ei kjensle av dei siste åra som kyrkje i Ferkingstad sokn, og 2024 fekk fortsetje med det sitatet, berre på eit nytt nivå. Ja, me treng kvarandre. Då jubileumsbåten til bispedømmet kom på vitjing, så fekk med den på havet som fyrste sokn i bispedømmet. Båten blei rodd og ausa av godt mannskap. Det var ei viktig symbolsk handling for soknet, båten haldt seg flytande på ferda mellom Sandve og Ferkingstad.

Med 2024 i tankane, så ser me moglegheiter og har tru på fleire menneskemøte og Gudsmøte som kan gi oss fleire glimt av Gud sine tankar for oss. Kyrkja og Kyrkjebakken som rommar livet frå fødsel til død, gir oss raust med sjanser til å skape litt meir himmel på jord. Me gler oss til fortsetjinga.

Leiar i soknerådet

Inghild Skeiseid Nordbø

## Ferkingstad sokneråd (periode 2023 - 2027)

Inghild Skeiseid Nordbø (SR-leiar)

Berit Stonghaugen (SR-nestleiar)

Nils Roger Sundfør (KKF-rep.)

Marie Helene Kvilhaug-Frazier (Vara rep. KKF)

Didrik Johan Tønnesen

Lise Haugeberg

*SR: Soknerådet*

Thor André Lindstad(sokneprest)

*KKF: Karmøy kirkelig fellesråd*

## Soknerådet sitt arbeid

Ferkingstad soknerådet har i 2024 hatt 8 rådsmøter og har bl.a. behandla følgende saker:

- Val av rådsleiar og nestleiar i soknerådet
- Møteplan
- Samlesak for meldinger
- Tildeling av takkoffer
- Årsmøte og årsmelding
- Budsjet
- Vedtekter for husstyret
- Gjevnlig arbeid med planverktøyet Kyrkja vår
- Korleis Kyrkjebakken skal brukast og bli teken vare på
- Segl til båtstafetten i samband med jubileumsåret 2025
- Familiedag på Kyrkjebakken
- Forlenging av festeavtale for Kyrkjebakken
- Utsending av Tårnklang til dei som ikkje bur i soknet
- Renhold i Kyrkjebakken
- Ny redaktør i Tårnklang
- Høringssvar på vegne av skolestrukturen
- Utleige av grupperom i 1.etg på Kyrkjebakken

# Utvalsarbeidet

## Fredtun

Foreningen Fredtun er ei sjølvstendig foreining som har som formål å forvalta leirstaden Fredtun på vegne av eigarane Ferkingstad kyrkjelyd og Falnes kyrkjelyd. Styret for foreininga er utpeika av sokneråda og utøver forvaltning etter dei vedtektene som til ei kvar tid gjeld for foreininga.

Foreningen Fredtun har i 2024 utvida stillinga til dagleg leiar, Geir Sofus Sommerfeldt, til 100% stilling. I tillegg til Geir har Oskar Sæle og Martin Aleksander Myrbakken vore tilsett på timebasis.

Me har også tilsett ny reinhaldsarbeidar; Hilde Gulliksen, som også arbeider på timebasis. Det ligg føre planar om å tilsetja ein person til i 50% stilling.

Styret har sidan årsmøte bestått av: Rune Sørensen (leiar), Bjørn Mathias Lie (Kasserar), Geir Dale, Geir Toskedal, Marit Melhus Wik, Marie Helene Kvilhaug-Frazier og Randi Wisnæs. Aleksander Emilsen Wahlø og Didrik Johan Tønnesen har vore vara.

### Året 2024 vart nok eit aktivt år for leirplassen:

- Ungdomsklubben hadde i løpet av året 38 samlingar med 50-80 ungdommar pr samling. Ca 150 ungdommar er medlemmer i ungdomsklubben. Klubben har eit ungdomsstyre på 12 personar. I tillegg er 15 foreldre aktivt med i planlegging og deltaking på samlingane.
- Fredtunkveld har møte 1 gong pr mnd med foredragshaldar, andakt song og bevertning. Som regel fullt hus kvar gong.
- Komleservering starta opp vinteren -24 og har vore ein populær aktivitet. I løpet av året vart det servert nærare 500 middagar.
- Menighetsarbeid: Plassen blir relativt flittig brukt av kyrkjelydane til trusopplæring, konfirmantaktivitetar og andre møter.
- Utleie: totalt 40 helgar vart leigde ut gjennom året i tillegg til nokre heile leirveker og enkeltdagar. Leigeinntektene steig med ca 30% gjennom året.
- Kapellet fekk installert tidslås og har vore ope kvar dag mellom kl 0900 og 2100. Mange besøkjande viser at dette var ei populær avgjerd og me er glade for at kapellet blir brukt i stort omfang.
- St. Hans samla som vanleg mange folk, både unge og gamle (ca 2000), til grill, underhaldning og bålkos i strålende vêr.

### Økonomi:

Foreningen fekk eit overskot på nærare kr 400 000.- i 2024. Som nemnt auka me inntektene på utleige, metallinnsamlinga enda på kr 150 000.-, julelotteriet samla kr 200 000.- og St hans gjekk med godt overskot. Foreningen har fått gåver og tilskot frå private, bedrifter og offentlege støtteordningar og me er sjølv sagt heilt avhengig av denne støtta. Det kan nemnast her at arbeidet med reguleringsplanen sannsynlegvis vil koste ein del. I tillegg fekk me ei ny bølge på nyåret 2025 som gjorde mykje skade. Det pågår no eit arbeid for å sikra plassen mot framtidig uver, prislapp uvisst, men me skal ikkje sjå bort frå at dette kan bli sjusifra.



## Vedlikehald:


Det er gjort store oppgradering av eksisterande anlegg, elektriske utbetringar, oppussing av toalettrom i internat, nytt golvbelegg i hovudhus og dessutan måla tak og vegger, nye måleri i hovudhus, noko oppgraderingar av utstyr på kjøkken, aktivitetshus er måla utvendig, internatet har fått nye madrassar til sengene pluss generelt vedlikehald.

Leiar for Foreningen Fredtun

Rune Sørensen

## Redaksjon for kyrkjelydsbladet Tårnklang

Redaksjonen har sørgt for fire utgivingar av kyrkjelydsbladet Tårnklang i 2024.



Tårnklang har halde fast på dei faste spaltene som ein har opparbeidd dei siste åra. Takk til bidragsytarane!

Frå 2021 har frivillige på Ferkingstad og i Falnes sørnga for utlevering av bladet. Tusen takk for tenesta!

Redaksjonen blir veldig glad for innspel til bladet. Ta kontakt med redaksjonen per e-post [taarnklang@gmail.com](mailto:taarnklang@gmail.com)

I 2024 har følgjande personar vore engasjerte i redaksjonen:

Geir Dale (redaksjonsleiar), Audhild Ekanger Stueland (produsent og fotograf), Gunnar Stueland (journalist og fotograf) og Elin Grindhaug (sekretær).

Geir Dale har etter veldig lang og tru teneste, avslutta engasjementet sitt i redaksjonen. Me ønskjer å takka han for den enorme innsatsen hans gjennom mange år. Ta kontakt med dagleg leiar, Elin Grindhaug, viss du kunne tenkja deg å vera ein del av redaksjonen.



## Husstyret i Kyrkjebakken

Husstyret har hatt jevnlige møter kor me har kartlagt, planlagt og gjennomført noko påkommande vedlikehald av Kyrkjebakken. Til dømes rydding av lagerrom, kontor og grupperom, samt uteområdet i barnehagedelen.

Husstyret planlegg og arrangerer Open kveld. I 2024 har me gjennomført åtte samlingar. Det opplevast som at dei besøkjande er takknemlege. Det er mykje dei same, men det kjem også ny til. Frammøte har vore mellom 60-90 personar. Underhaldninga er ulike songkrefter, foredrag, mat og miniutlodding. Me opplever at «Open Kveld» er ein viktig sosial arena for mange. Miniutloddinga er berejvelken i finansiering av Open kveld. Det blei og mottatt gåve frå Skudenes & Åkra sparebank på kr. 4000.

Kyrkjebakken har hatt utleige i forbindelse med konfirmasjonar, festdagar og minnemøte ved gravferd.

I 2024 har fylgjande personar vore engasjert i utvalet:

Mette Midbøe, Jane Sandve, Irene Tveit, John Roger Midtun, Berit Ådland og Elin Grindhaug

## Familiedag på Kyrkjebakken

Ferkingstad sokn har eit flott lokale, Kyrkjebakken, som ligg "vegg i vegg" med Ferkingstad kyrkje. Dette lokalet vert nytta til mange flotte og ulike formål som t.d. utleige i forbindelse med barnedåp, konfirmasjon, bryllup, gravferd og ulike selskap. Lokalet vert også nytta til kyrkjekaffi, påskefrokost, open kveld, babysang, trusopplæring, Alpha kurs, soknerådsmøter og andre komitemøter.

Tidlegare var det også ein kyrkjeforening som nå er lagt ned. Denne foreningen hadde jevnlege kveldar i løpet av året der ein laga gevinsar og hadde årleg basar i september. Her fekk ein inn ein god del pengar ein kunne bruke til å forsyne Kyrkjebakken med sårt tiltrengte og nødvendige ting for å kunne vedlikehalde "storstova i bygda" og aktivitetane. Nå sit Kyrkjebakken i ein situasjon der me treng pengar for å nedbetale gjeld.

I september 2024 arrangerte Ferkingstad sokneråd "Familiedag på Kyrkjebakken". Målet var å laga ein familiedag som samla bygda. På førehand selde me lodd. Det var ein utruleg velvilje blant både bygdefolk og folk utanfor bygdene som høyrer til soknet. "Ein fugl kvitra" om at folk frå Sandve er glade i Kyrkjebakken og villig støttar arbeidet. Det var grunnen til at me selde lodd under Sandvedagen 2024 og det kom inn i overkant av 9000 kroner - godt jobba Sandvebuen!

Sjølv arrangementet vart svært vellukka og det kom mellom 100 - 130 stk. til denne dagen. Ein høyrer framleis folk snakka om denne kjekke dagen i Kyrkjebakken. I første etasje var det gratis servering av graut, saft, kaffi og kaker. Praten gjekk livleg og det var tydeleg at folk sette pris på den gode samtalen ein fekk rundt bordene. Det vart også halde eit miniforedrag om Kyrkjebakken si historie ved Erling Andreas Nordbø. I andre etasje hadde Agnete Sæle Stave og Elin Grindhaug teaterforestilling for borna. Arrangementet har fått veldig gode tilbakemeldingar og ein lykkast med å samle alle generasjonane.

Dette arrangementet er noko Ferkingstad sokneråd ynskjer å gjenta dette året og datoen er allereie sett til **lørdag 6.september 2025**.

Åleine kan ingen gjere alt, men dersom me går saman, kan me utrette mykje. Det viktigaste du kan vere med på er å be om at familiedagen på Kyrkjebakken skal bli vellukka. Du kan også vere med på følgjande oppgåver:

- Sitje på Prix Langåker å selja lodd (når den tid kjem)
- Gi gevinstar
- Vera med på kjøkkenet
- Pynta bordene og dekkja på
- Praktiske ting i samband med basaren på sjølve dagen

Skulle du føle at du blir minna om å gi ein slant pengar for å hjelpe til med nedbetaling av gjelda (enten som ein eingongs sum eller fast givarteneste) kan du bruka kontonummer 3361.18.46768 eller vipps #953631. All inntekt frå loddsalg og givarteneste går direkte til nedbetaling av gjelda.

Skulle du ha to ledige hender og ynskjer å hjelpe til på ein eller annan måte, kontakt Lise Haugeberg på tlf. 90690597.

Lise Haugeberg (soknerådsmedlem)



# Årsorientering frå dagleg leiar

## Ansatte i kyrkjelyden

Dette året har det ikkje vore endringar i staben, men Solveig Eike Bringaker har hatt 100% permisjon f.o.m. august 2023 t.o.m juli 2024. Frå august 2024 har Solveig hatt 60% permisjon. Agnete Sæle Stave har i tillegg til stillinga si hatt 20 % som kateket. Dette har i hovudsak omhandla konfirmantarbeidet. Rune Richardsen fekk også omdisponert nokre av oppgåvene sine som sokneprest i Falnes, for å hjelpa Agnete i konfirmantarbeidet fram til sommaren. Sokneprest Thor André Lindstad og kyrkjetenar Jane Sandve har heilt eller delvis vore sjukmeldt gjennom dette året. Dagleg leiar har gjennom hausten vore 40% sjukmelde. Oskar Sæle og Kamilla Slåttebrekk Fabrin har vorte brukte som vikarar i ulike oppgåver i kyrkjelydane våre.



Ressurssituasjonen har gjort at me ikkje har hatt kapasitet til å gjennomføra alt det planlagde arbeidet. Når det er sagt har me likevel greidd å gjennomføra veldig mykje. Staben i Falnes og Ferkingstad kyrkjelydar evnar raskt å ta tak i nye oppgåver, dei er fleksible, kreative og løysingsorienterte. Dei er dyktige og dedikerte, og ønskjer berre det beste for kyrkjelydane. Eg er stolt av å vera ein del av denne supre gjengen. Staben jobbar godt saman og ønskjer å leggja til rette for kyrkjelydar i utvikling og vekst. Me ønskjer at stadig fleire menneske skal bli kjende med Jesus og finne sin plass i kyrkjelydane våre.

Dagleg leiar har i 2024 hatt følgjande roller i Ferkingstad kyrkjelyd: Kyrkjelydsrådssekretær (saksforbereder for soknerådet), dagleg leiar i staben på vegne av Ferkingstad sokneråd, administrativ leiar på vegne av kyrkjevevja i Karmøy, diakonimedarbeidar og kyrkjelydsarbeidar.

### Følgjande personar har vore tilsette i kyrkjelyden i 2024:

Forutan soknepresten, er staben felles med Falnes kyrkjelyd.

<b>Thor André Lindstad</b>	Sokneprest	100%
<b>Elin Grindhaug</b>	Dagleg leiar	50%
	Diakonimedarbeidar	30%
	Kyrkjelydsarbeidar	20%
<b>Jane Sandve</b>	Kyrkjetenar	70%
	Kyrkjelydsarbeidar	10%
<b>Agnete Sæle Stave</b>	Trusopplærer	50%
	Diakonimedarbeidar	30%
	Kateket	20% (vikar for Solveig)
<b>Lars Inge Tjøstheim</b>	Kantor	80%
<b>Solveig Eike Bringaker</b>	Kateket	100%
<b>Sylwia Pawlak</b>	Reinhaldar	20%
<b>Tor Helge Tjøstheim</b>	Kyrkjegardsarbeidar/ENØK	100% (felles med fleire kyrkjelydar)

## Økonomi og administrasjon

Dagleg leiar er sekretær og saksforbereder for soknerådet og har dermed oppmøteplikt på soknerådsmøta. Dagleg leiar har hatt ansvar for oppfølging av saker behandla i soknerådet. Dagleg leiar har hatt det lokale ansvaret for oppfølging av fordelt budsjett frå Karmøy kyrkjeleg fellelsråd og for trusopplæringsbudsjettet, som er ei statleg løyving. Begge desse blir forvalta av Karmøy kyrkjeleg fellelsråd på vegne av alle kyrkjelydar i Karmøy kommune/prosti.

Det vart samla inn kr. 50.945,- i takkoffer til andre organisasjonar. Av desse gjekk kr. 10.800,- til misjonsprosjektet, som for tida er Den Norske Israelsmisjon. Det vart samla inn kr. 49.925,- i takkoffer til eiga verksemd.

I samband med beteninga av det rentefrie lånet frå Karmøy kommune, blei givartenesta i slutten av 2023 endra til å gjelda nedbetaling av lånet. I 2024 vart det samla inn kr. 41.336,- og soknet har ved årsslutt totalt 17 faste givarar. Me ønskjer å retta ein stor takk til alle givarar og håpar at endå fleire har lyst å vera med å bidra. Gå inn på nettsida vår [www.ferkingstadkirke.no](http://www.ferkingstadkirke.no) for meir informasjon om korleis du blir fast givar eller ta kontakt med dagleg leiar.

I 2024 hadde Ferkingstad kyrkjelyd eit overskot på kr. **267.025,23**. Arrangementsinntekter frå Open kveld, sal av lodd til familiedag på Kyrkjebakken, husleigeinntekter og tilskot og gåver har vore gode drivarar som har gjort at me sit igjen med eit overskot dette året.

Karmøy kommune leiger heile andre etasje av Kyrkjebakken. Dette fungerer som lager for Ferkingstad skule. Karmøy kommune leiger også eit grupperom og eit toalett med universell utforming i første etasje. Dette blir brukt som dagtilbod for ein tenestemottakar med nedsett funksjonsevne. Elles blir kyrkjelydssalen, kjøkkenet og ungdomsrommet leid ut til selskap og minnesamvær. Tusen takk til Irene Tveit som tek seg av all booking av fyste etasje i Kyrkjebakken.

I samband med saka med Sikringsordninga, blei det sett ned ei ressursgruppe som skulle jobba med å finna løysingar for bruken av andre etasje av Kyrkjebakken. I denne gruppa sit Kjell Arvid Svendsen, John Roger Midtun, Øyvind Meistad og Eivind Nordbø. Soknerådet ønskjer å retta ein stor takk til arbeidet ressursgruppa gjer. For å kunna vareta Kyrkjebakken trengst det økonomiske midlar.

Elin Grindhaug  
Dagleg leiar

# Årsorientering frå kateket og kyrkjelydpedagog



## Undervisningsarbeidet i kyrkjelyden

«Friske skudd», er visjonen vår for trusopplæringa. Jesus er det levande treet og vi er greinene som stadig skyt friske skot. Gjennom arbeid vårt ønsker vi at nye skal få oppleve at dei høyrer til i det kristne fellesskapet. Vi ønsker å leggja til rette for at barn, unge og vaksne skal få truserfaring og truspraksis.



Kvart år blir alle døypte mellom 0-18 år invitert til eit eller fleire trusopplæringstiltak i kyrkjelyden vår. Ofte ser vi at foreldre òg informerer om kommande trusopplæringstiltak via Facebook grupper som skuleklassane har. På den måten får òg dei som ikkje er døypt informasjon om tiltaka. Generelt har vi veldig god oppslutning på tiltaka våre. Det gleder vi oss over.

Også trusopplæringstiltaka i 2024 vart litt reduserte grunna permisjon og sjukmelding i stab. Vi har ikkje kunna tilby dåpsskule for 1.kl, Plan B for 2. og 3.klasse, Julegaveweekend for 5.klasse eller Lysvåken for 6.klasse. Dei andre tiltaka har vorte gjennomførte.

**I aldersgruppa 0-5 år har vi følgjande trusopplæringstiltak, og disse er felles med Falnes, (med unntak av dåpssamtale m/ gudstj.)**

Alder	tiltak	Tal på deltakarar/ inviterte i Ferk.	Falnes	Anna
0	Dåpssamtale m/gudsteneste	13/13	34/32	
1	Babysong	8/8	33/28	
2	Krøllekveld	5/15	12/29	
3	Virvel	5/8	10/31	
4	Skattejakt/barnebibel	Utsatt til haust-25	16/20	Grunna små kull får 4. og 5.åringane barnebibelen neste år.
5	Barabbas	0/11	7/26	

**I aldersgruppa 6-12 år har vi følgjande trusopplæringstiltak:**

Alder	Tiltak	Tal på deltakarar/ inviterte i Ferk.	Falnes	Annet
6	Skulebollefest	6/8	12/25	
7	Dåpsskule			Avlyst
8	Plan B Noah			Avlyst
8	Plan B Peter			Avlyst

9	Plan B Tomas	7/9	17/39	
9	Tårnagenthelg	11/18	avlyst	
10	Intro Yngres	5/8		
11	Julegåveweekend			Avlyst
12	Lys Vaken			Avlyst
12	Camp Fredtun	-	-	Avlyst

### I aldersgruppa 13-18 år har vi følgjande trusopplæringstiltak:

Alder	Tiltak	Tal på deltakarar/ inviterte i Ferk.	Falnes	Annet
14	konfACTION -2010 kullet	10/15	27/46	
15	Konfirmasjon -2009 kullet	11/12	46/42	
15	Brosjyre til 10. klassinger	11/12	46/42	
16	FollowMe 15-25 år	4	12	

I juni reiste me med nesteår-konfirmantar til konfACTION i Bø. Dette er ein leir for konfirmantar frå heile Sør-Noreg og me set stor pris på å få reisa til denne leiren saman med ungdommane. Det gir oss eit supert høve til å skapa gode relasjonar før konfirmantundervisninga startar.

I 2024 har me helde fram med NMSU sitt leiaroppfølgingsprogrammet som heiter FollowMe. Me er glade for å delta i eit leiartreningsprogram som deltakerane kan vera ein del av i fleire år. Me har deltakarar frå 15- 20 år. Med dette får me ein kontinuetet i leiartreninga vår.

### Kyrkje – skule/barnehage samarbeid 2024

Me er veldig takksame for at skulane og barnehagane takkar ja til å delta på vårt skule/barnehage-kyrkjesamarbeid. Det er gode tradisjonar for samarbeid mellom kyrkje og skule/barnehage på Ferkingstad. Dette betyr mykje!

I 2024 har vi gjennomført desse tiltaka:

**Barnehage og 1. klasse:** Julevandring er ei stemningsfull og populær tradisjon i kyrkja vår. Kvart år blir dei største barna i barnehagen og 1. klasse invitert til denne vandringa. Det pedagogiske opplegg legg særleg vekt på to pedagogiske idear: oppleving og deltaking. Gjennom deltaking får barna oppleve og fornemme juleevangeliet med mange sansar. I år var det ein skoleklasse og ein barnehageavdeling som deltok.

**2. klasse:** Vi hadde besøk av ein skoleklasse som deltok på påskevandring. Gjennom aktiv deltaking fekk dei vere med på dei ulike hendingane i påskeveka.

**3. klasse:** Før pinse ble 3.klasse invitert til pinsevandring ute. Ved Stavasanden var det pynta til fest med ballongar og flagg. Vi snakka om dei tre store høgtidene vi har i kyrkja og at pinse er kyrkja sin fødselsdag. Etterpå gjekk vi opp til den gamle kyrkjetomta. Ein klasse deltok.

**4. klasse:** Elevane deltek på eit undervisningsopplegg som handlar om sorg og død. Opplegget har eit besøk på skulen av kyrkjelydspedagog eller kateket og eit besøk i kyrkja. I skuletimen er temaet kva sorg er, reaksjonar på sorg og kva ein kan gjere for å få det betre i sorga. Når elevane kjem på besøk i

kyrkja, får dei sjå og ta på ei kiste. Vi går inn i bårhuset og snakkar om kva syning er og vi besøker gravplassen. Elevane får og høyre om kva kyrkja trur om døden og livet etter døden. Ein klasse deltok på opplegget.

## Årsorientering frå diakoniarbeidarane

### **Gudsteneste på dagavdelinga/sjukeheimen i Skudenes (felles med Falnes)**

I 2024 har me hatt 9 gudstenester på dagavdelinga/sjukeheimen. Me er takksame for og gler oss over dette gode og fine samarbeidet. Dei som nyttar seg av tilbodet gir tydeleg uttrykk for at dette er noko dei set stor pris på og som betyr mykje for dei. Det er soknepresten i Falnes og kontor som har ansvaret for desse gudstenestene. Av og til steppar diakonimedarbeidar Elin inn som vikar for kontor Lars Inge. Gudstenesta er open for alle som måtte ønskje å delta. Oversikt over datoar og klokkeslett finn du på nettsida vår under «kalender».

### **Babysong (felles med Falnes)**

Babysong er eit av våre mest populære tiltak. Me har to kurs på hausten i Kyrkjebakken og fire kurs på Falnes kyrkjelydshus i vårhalvåret. På grunn av stor pågang har me delt gruppa i to etter alder på barna, der eitt kurs er for 0-6 mnd. og eitt er for 6-12 mnd. Dei fleste barna og føresette går på to eller fleire kurs. På våren 2024 var babysonggruppa på to besøk ved dagavdelingen i Skudeneshavn.

### **Jubilanthelsing**

Dei av kyrkjas medlemmer som sokner til Ferkingstad og fylte 80, 85, 90, 95 eller 100 år har fått en blomsterhelsing frå kyrkjelyden. Det er Blåklokken som pakkar og køyrer dette ut for oss. Tusen takk for samarbeidet!

### **Kirkens Nødhjelps fasteaksjon**

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon vart gjennomført på vanleg måte med bøsseberarar. Ein særleg takk til konfirmantane og dei andre som var med! Ferkingstad kyrkjelyd samla totalt inn 20.321,-

### **Påskefrukost**

Påskefrukost 1.påskedag har vore ein lang tradisjon i Kyrkjebakken. Dette året var det mellom 60-70 stk. som kom. Det var god stemning og store og små koste seg med den flotte og gode frukosten. Tusen takk til alle som bidreg både før, under og etter arrangementet. Og tusen takk til alle de som kjem og leverer den gode maten.

### **Sorgstøttegrupper for barn og unge**

Arbeidet med sorgstøtte for barn og ungdom i Karmøykyrkja er vidareført også i år. Det er gjennomført sorgstøttegrupper både for barn og ungdom som har mista søsken og foreldre. Me har også hatt grupper der deltakarar har mista ein venn. Samarbeidsgruppa består av tre tilsette i Karmøykyrkja og tre tilsette i skulehelsetenesta. Gruppa blir leidd av prostidiakon, Janne Kristine Eng.

### **Open kveld**

Les om Open kveld i årsmeldinga til husstyret.

### Øvrige oppgaver:

- Medansvar for allehelgensgudstenesten
- Hjemmebesøk
- Grønn kyrkjelyd
- Krøllekveld
- Ungdomsklubben på Fredtun
- Smiley (tweensklubb i Falnes)
- Oppfølging av frivillige (t-messen)
- Diverse planarbeid

Agnete Sæle Stave

Elin Grindhaug

Diakoniarbeider

Diakoniarbeider

## Årsorientering frå kantor

Primæroppgåva for ein kantor er å syta for musikk til gudstenester, gravferder og vigsler. Sidan Ferkingstad deler kantor med Falnes, og har gudstenester samstundes som Falnes, har fellesrådet vald å leiga inn vikar frå gong til gong for gudstenestene. Det er derfor i hovudsak gravferder og vigsler eg har ansvar for i Ferkingstad. Av andre ting eg driv med kan eg nemna:

### Skudenes mannskor:

Mannskoret er lite (8 stk), men aktivt; me ligg på 10-12 opptredenar i året. Variert og folkeleg repertoar, alltid god stemning på øvingane. Ferkingstadmenn er hjarteleg velkomne.

### Nordvegen prosjektkor:

Norvegen prosjektkor er eit fellesprosjekt for alle Karmøys kyrkjelydar. Underteikna er med i styringsgruppa, saman med dirigent Kjell Magnus Sandve, og er repetitør på øvingane. For tida øver me inn Mozarts requiem, framføring i Kopervik kyrkje 26. oktober 2025, med profesjonelle solistar og musikarar. Eit populært tiltak, koret har no 120 medlemmer.

### Klassisk påske i Skudeneshavn:

For tredje gong arrangerte Falnes kyrkjelyd festivalen Klassisk påske i Skudeneshavn palmehelga, med mange flotte konsertar. Sameleis blir det i år; 11.-13. april.

### Fredtun parsellhagar:

Prosjektet med å omdanna karrig beitemark på Fredtun til ein frodig, matproduserande og idyllisk hage skrid fram, både trær og grønnsaker veks godt. I 2024 var alle konfirmantane med og henta tare på Åkrasanden; tare har synt seg å vera ein svært god jordforbetrar. Konfirmantane hausta òg inn masse flotte grønnsaker som me selde på hausttakkefesten i Falnes.



Alle er velkomne til å vera med på dette flotte prosjektet, eg kan nemna desse gode grunnane:

- Bra for helsa (Sunn mat, mosjon, frisk luft, sol, rekreasjon, meining)
- Bra for lommeboka (Mat av høg kvalitet, nesten gratis)
- Bra for miljøet (Minimalt med CO2-utslepp i produksjon og transport, karbonlagring i jorda)
- Bra for lokalmiljøet (Gir moglegheit for alle til å dyrka sin eigen mat, og fellesskap med dei andre som gjer det.)
- Bra for Norge (Aukar sjølvforsyningsgrada)
- Bra for verda (Slepp å fø den norske befolkninga)
- Bra for eit bærekraftig liv (Bærekraftig matproduksjon er ein grunnstein i det)
- Bra for trua (Lærar oss sjå skaparverket som ein heilskap, og oss sjølve som konstruktive delar og bidragsytarar til denne heilskapen)

Vil du ha din eigen parsell? Det kostar berre 300 kr i året pr 30 kvm, + ein dugnad eller 500 kr.

Lars Inge Tjøstheim, 20.02.25

## Kontaktinformasjon

Kyrkjelydskontoret har ikkje faste opningstider, men det er vanlegvis folk tirsdag-torsdag kl. 09.00-15.00. Ta evt. kontakt for å avtale tid:

<b>Rådsleiar</b>	Inghild Skeiseid Nordbø		905 68 496
<b>Sokneprest</b>	Thor André Lindstad	<a href="mailto:thor.andre.lindstad@karmoykirken.no">thor.andre.lindstad@karmoykirken.no</a>	481 54 228
<b>Dagleg leiar</b>	Elin Grindhaug	<a href="mailto:elin.grindhaug@karmoykirken.no">elin.grindhaug@karmoykirken.no</a>	415 06 781
<b>Kantor</b>	Lars Inge Tjøstheim	<a href="mailto:lars.inge.tjostheim@karmoykirken.no">lars.inge.tjostheim@karmoykirken.no</a>	954 40 869
<b>Kyrkjetenar</b>	Jane Sandve	<a href="mailto:jane.sandve@karmoykirken.no">jane.sandve@karmoykirken.no</a>	905 80 413
<b>Kateket</b>	Solveig Eike Bringaker	<a href="mailto:solveig.bringaker@karmoykirken.no">solveig.bringaker@karmoykirken.no</a>	986 75 584
<b>Trusopplærer</b>	Agnete Sæle Stave	<a href="mailto:agnete.sale.stave@karmoykirken.no">agnete.sale.stave@karmoykirken.no</a>	402 92 023
<b>Arbeidsleiar kyrkjegarden</b>	Tor Helge Tjøstheim	<a href="mailto:tor.helge.tjostheim@karmoykirken.no">tor.helge.tjostheim@karmoykirken.no</a>	948 62 779
<b>Servicetorget for Karmøykirken</b>		<a href="mailto:post@karmoykirken.no">post@karmoykirken.no</a>	52 81 00 01
<i>Åpent mandag – torsdag kl. 09.00–13.30</i>			
<b>Fredtun leirsted/Foreningen Fredtun</b>		<a href="mailto:geir@sommerfeldt.no">geir@sommerfeldt.no</a>	959 73 600

# Årsregnskap for Ferkingstad kyrkjelyd 2024

## BALANSE


		31.des 2024	31.des 2023
<b>EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
22 100 100 EIERANDEL FREDTUN	Note 1	501 930,00	514 800,00
22 700 002 KYRKJEBAKKEN	Note 1 og 2	2 550 652,00	2 659 130,00
Sum anleggsmidler		3 052 582,00	3 173 930,00
<b>Omløpsmidler</b>			
21 375 010 DIVERSE KORTSIKTIGE FORDRINGER		6 581,00	11 743,74
21 399 800 PERIODISERING INNG. FAKTURA		18 655,70	12 688,38
21 864 010 MERVERDIAVGIFTS KOMPENSASJON		-	72 824,00
Sum kortsiktige fordringer		25 236,70	97 256,12
21 000 002 OFFER I SAFE		150,00	3 750,00
21 020 012 KONTO 3361.63.22732 (SR)		156 110,33	26 765,69
21 020 014 KONTO 361.19.08019		-	31 634,09
21 020 022 KONTO 3361.69.34649 (Kyrkjebakken)		116 598,04	159 352,52
21 020 052 KONTO 3361.18.46768 (Givertjenesten)		15 627,82	34 291,00
21 020 202 KONTO 3207.27.24347 (SR-BANK)		65 427,79	5 373,19
Sum kasse og bankinnskudd		353 913,98	261 166,49
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>3 431 732,68</b>	<b>3 532 352,61</b>

## EGENKAPITAL OG GJELD

<b>Egenkapital</b>			
25 800 002 DISPOSISJONSFOND	Note 3	-	-
25 950 002 DRIFTSOVERSKUDD 2024		267 025,23	
25 900 007 DRIFTSUNDERSKUDD 2022		-672 059,13	-672 059,13
25 990 002 KAPITALKONTO	Note 2	3 052 582,00	3 173 930,00
Sum egenkapital		2 647 548,10	2 501 870,87
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
23 270 002 KORTSIKTIG GJELD	Note 6	7 381,90	157 319,24
23 270 004 LIKVIDITETSLÅN KARMØY KOMMUNE		720 000,00	800 000,00
23 270 005 LEVERANDØRGJELD		56 802,68	73 162,50
Sum kortsiktig gjeld	Note 5	784 184,58	1 030 481,74
<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b>		<b>3 431 732,68</b>	<b>3 532 352,61</b>

Ferkingstad den;

  
Ingrid Skovseid Nordbe  
leder

  
Elin Grindhaug  
daglig leder

## NOTER

Note 1 Kyrkjebakken avskrivning 2024

Anskaffelsesko:	Akk avskrivning	Akk avskrivning	Årets avskrivning	UB 31.12
3 500 000	70000*33	2 380 000	70 000	1 050 000
1 923 910	38478*9	384 780	38 478	1 500 652
			108 478	2 550 652

Fredtun avskrivning 2023

Anskaffelsesko:	Akk avskrivning	Akk avskrivning	Årets avskrivning	UB 31.12
643 500	12870*11	141 570	12 870	501 930

Note 2 Kapitalkonto 01.01. 3 173 930,00  
\*-Avskrivning -121 348,00  
Kapitalkonto 31.12. 3 052 582,00

Note 3 Følgende bevegelser er registrert på disposisjonsfondet 25800002:

Disposisjonsfond 01.01.	0,00
	0,00
Disposisjonsfond 31.12.	0,00

Note 4 Daglig leder lønnes av Karmøy kirkelig fellesråd



# Regnskapsskjema - Driftsregnskap

52 FERKINGSTAD SOKNERÅD - 2024

13.02.2025

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Inntekter</b>				
1 Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	213.265,10	168.000,00	168.000,00	131.784,50
2 Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Refusjoner/overføringer	0,00	51.000,00	51.000,00	72.825,18
4 Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Statlige tilskudd	3.897,00	10.000,00	10.000,00	4.005.060,00
6 Tilskudd fra rettssubjektet Den norske kirke	0,00	0,00	0,00	0,00
7 Rammeoverføring/tilskudd fra egen kommune	6.500,00	0,00	0,00	3.000.000,00
8 Tilskudd fra soknets organer	122.083,94	0,00	0,00	1.882.168,85
9 Andre tilskudd, gaver, innsamlende midler	173.635,00	216.500,00	216.500,00	172.574,00
<b>10 Sum driftsinntekter</b>	<b>519.381,04</b>	<b>445.500,00</b>	<b>445.500,00</b>	<b>9.264.392,53</b>
<b>Utgifter</b>				
11 Lønn og sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Kjøp av varer og tjenester	167.534,18	235.500,00	235.500,00	927.236,96
13 Refusjoner/overføringer	0,01	71.000,00	71.000,00	72.825,18
14 Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
15 Tilskudd og gaver	66.731,00	60.000,00	60.000,00	84.317,00
<b>16 Sum driftsutgifter:</b>	<b>254.265,19</b>	<b>366.500,00</b>	<b>366.500,00</b>	<b>1.084.379,14</b>
<b>17 Brutto driftsresultat:</b>	<b>265.115,85</b>	<b>79.000,00</b>	<b>79.000,00</b>	<b>8.180.013,39</b>
18 Renteinntekter og utbytte	1.909,38	1.000,00	1.000,00	3.748,00
19 Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter og låneomkostn.	0,00	0,00	0,00	0,00
21 Avdrag på lån	0,00	80.000,00	80.000,00	0,00
22 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>23 Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>1.909,38</b>	<b>-79.000,00</b>	<b>-79.000,00</b>	<b>3.748,00</b>
24 Avskrivninger	121.348,00	0,00	0,00	121.348,00
25 Motpost avskrivninger	121.348,00	0,00	0,00	121.348,00
<b>26 Netto driftsresultat</b>	<b>267.025,23</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>8.183.761,39</b>
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>				
27 Bruk av utdisponert fra tidl. år (mindreforbruk)	0,00	0,00	0,00	0,00
28 Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
29 Bruk av bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>30 Sum bruk av avsetninger</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
31 Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0,00	0,00	0,00	8.183.761,39
32 Avsatt til disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
33 Avsatt til bundne fond	0,00	0,00	0,00	0,00
34 Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>35 Sum avsetninger</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>8.183.761,39</b>
<b>36 MERFORBRUK / MINDREFORBRUK</b>	<b>267.025,23</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

Sted og dato

Soknerådsleiar

Dagleg leiar